



BKK Nett AS  
Kokstadveien 37  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/101 - 16/10422

Saksbehandlar:  
Einar Færø  
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:  
17.08.2016

## Løyve til graving i kommunal veg mot Langhøyane bustadområde.

Det vert vist til søknad om graving i kommunal veg på gnr 45, bnr 171 på Urhaug C (sjå skisse) . Søknaden gjeld graving av grøft i ein djupne på om lag 70 cm over eit strekk på 130 m. Føremålet er å skaffe straumforsyning til Langhøyane byggefelt som er under utbyggjing.

Før gravearbeidet startar er det Bkk Nett as sin plikt å gjera seg kjent med tilhøva i området. Me gjer særleg merksam på eksisterande langsgåande forstøtningsmur og at det vert tatt særskild omsyn til mellom anna fundamenteringa av denne. Likeeins gjer me merksam på at det kan liggja private vann og avløpsleidningar frå gnr. 45, bnr 366 og 367 som kryssar traseen.

Bkk Nett AS er ansvarleg for at arbeidet vert fagmessig utført og at terrenget vert tilbakeført til slik det var før gravearbeidet starta. Om vegen vert påført skade må den tilbakeførast med fast dekke straks grøfta er fylt på.

Med helsing

Einar Færø  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
BKK Nett AS

Kokstadveien 37

5020

BERGEN